

Læringsmiljøutvalget

Dato: 28.08.2019 12:15

Sted: S218

Notat:

Eventuelle forfall meldes sekretæren på e-post
Brikt.Vaage@nhh.no.

Varamedlemmer skal ikke møte uten særskilt innkalling.

NHH 22.08.2019

Brikt Ove Vaage
Seniorkonsulent

Saksliste

Vedtaksaker

19/19 Godkjenning av møteprotokoll og saksliste LMU	3
20/19 Orientering om årsmelding fra studentombudet	12
21/19 Avbrekk	26
22/19 Deltakelse på Universell konferanse	27
23/19 Årsmelding LMU 2018/19	28
24/19 Eventuelt LMU	34

Orienteringssaker

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL OG SAKSLISTE LMU

Saksbehandler Brigte Vaage
Arkivreferanse 19/00328-5

Utvalg	Møtedato	Utvalgsnr
Læringsmiljøutvalget	28.08.2019	

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll 22.05.19 og saksliste 28.08.19 er godkjent

NHH



MØTEPROTOKOLL

Læringsmiljøutvalget

Dato: 22.05.2019 kl. 12:15

Sted: S218

Arkivsak: 14/00042

Til stede: Jonas P. Ludvigsen, Thomas Gulli, Vilde M. Nilsen, Ivar Lyngdal, Inger Dagestad, Jorun Gunnerud, Linda Orvedal

Møtende observatører: Rønnaug Tveit, Sigbjørn Råsberg

Forfall: Brigte Ove Vaage, Linda Nøstbakken

Andre: LMU-sekretær Brigte Ove Vaage hadde forfall til møtet. Referent på møtet var Marianne Eskeland.

Protokollfører: Seksjon for utdanningskvalitet

SAKSKART			Side
Vedtaksaker			
14/19	19/00328-4	Godkjenning av protokoll (10.04.2019) og sakliste (22.05.19) LMU	2
15/19	18/02332-7	Utkast til handlingsplan for læringsmiljø	3
16/19	19/00331-3	Læringsmiljøpris andre utkast	5
17/19	19/01006-1	Studiestart 2019	6
18/19	19/01005-1	Eventuelt LMU	8

Orienteringssaker			

Sted, 22.05.2019

møteleder

14/19 Godkjenning av protokoll (10.04.2019) og saksliste (22.05.19) LMU

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalget	22.05.2019	14/19

Vedtak

Møteprotokoll 10.04.19 og saksliste 22.05.19 er godkjent

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

15/19 Utkast til handlingsplan for læringsmiljø

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalget	22.05.2019	15/19

Møtebehandling

LMU synes revidert utkast til handlingsplan for læringsmiljø 2019-2021 ser ryddig og strukturert ut.

Det ble lagt fram forslag om et par tillegg:

1. Linda Orvedal foreslo som nytt punkt under «Pedagogisk læringsmiljø» at LMU skal bidra til at studentene bidrar aktivt i undervisningen.
2. Det ble lagt fram forslag om å legge til to dokumenter under «Styringsdokumenter»:
 - a) Tiltaksplan mot radikaliserings og ekstremisme (foreslått av Jorun Gunnerud).
 - b) NHH Strategi 2018 – 2021 (foreslått av Linda Orvedal)

a) Tiltaksplan mot radikaliserings og ekstremisme
Tiltaksplanen har bl.a. et punkt om nettvett.

Det ble foreslått med i bakgrunn i tiltaksplanen å legge inn et punkt i handlingsplanen at LMU vil arbeide for å øke bevisstheten rundt nettvett, f.eks. i form av opplæring og støtte til studenttillitsvalgte og studentforeningen.

LMU gikk inn for at punktet legges under hovedpunktet «Psykisk helse og miljø», underpunkt «Trivsel og inkludering».

Arbeidsgruppen for handlingsplanen finner en passende formulering.

b) NHH Strategi 2018-2021

I handlingsplanen bør det komme inn noe som forankrer planen til NHH sin strategi.

Det ble vedtatt å skrive noe om dette innledningsvis i handlingsplanen.

Arbeidsgruppen finner passende sted og formulering.

Annet

Det ble kommentert at opplistet styringsdokument «Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne» heter «Lov om likestilling og forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne»

Vedtak

Handlingsplan for læringsmiljø 2019-2021 ble godkjent med endringene og kommentarene omtalt under «Møtebehandling».

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

16/19 Læringsmiljøpris andre utkast

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalget	22.05.2019	16/19

Møtebehandling

Thomas Gulli gikk gjennom hvilke endringer som var foretatt i statuttene fra første utkast.

To punkt ble drøftet:

1. Siste setning i punkt 4.

Man var usikker på om det bør stå noe i statuttene om hvordan sende inn forslag på kandidater til læringsmiljøprisen. Det ble foreslått at man heller omformulerer til f.eks. at LMU er ansvarlig for å offentliggjøre frister for nominasjon av kandidater.

Når fristene offentliggjøres, kan man lenke til statuttene og nominasjonsskjemaet på LMU sin underside på nhh.no.

Arbeidsgruppen finner en passende formulering iht. innspill i møtet.

2. Det ble kommentert at man i punkt 6 ikke legger opp til prispenger og spurt om LMU faktisk mener det.

Leder informerte om at LMU i sitt forrige møte voterte over spørsmålet. Flertallet gikk inn for ikke å ha prispenger.

Foreliggende møte kommenterte at utfallet av voteringen burde ha blitt protokollført i referatet fra møtet 10/4-19.

Vedtak

Andre skisse: «Statutter for LMU-pris» ble godkjent med kommentarene omtalt under «Møtebehandling»

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

17/19 Studiestart 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalget	22.05.2019	17/19

Forslag til vedtak:

LMU tar presentasjonen av studiestart 2019 til orientering

Møtebehandling

- Jorun Gunnerud presenterte NHH sitt program for uke 33.
- Ivar Lyngdal presenterte NHHS sitt program for uke 33.
- Brigte Ove Vaage hadde forfall til møtet. Punktet om NHH sin informasjon til nye studenter gikk derfor ut.

NHH sitt program for uke 33

Jorun Gunnerud delte ut dagsprogrammet per 22/5-19. Det kan fortsatt bli endringer.

Hovedendringer fra velkomstuken 2018 er i tråd med fjorårets evalueringer:

- Frokosten tirsdag til fredag i uke 33 blir ikke obligatorisk.
- Omlegging av caseopplegget for nye BØA-studenter. Flere fagmiljø bidrar med case.
- «Flink nok» for BØA utgår.
- «God start for MA utgår.
- Nye masterstudenter kan få med seg tre presentasjoner i stedet for to (program, profiler, CEMS).
- Ingen immatrikulering for utvekslingsstudenter.
- «Meet the locals. Survival Kit» utgår.

Elementer fra «Meet the locals» bakes inn i andre tilbud til utvekslingsstudenter. Arbeidsgruppen som jobber med dette vil gi SAMMEN beskjed.

Det ble spurt om det legges opp til noe i velkomstuken for nye studenter på 1-årig MRR Oslo. Man er usikker på det. Marianne Eskeland ble bedt om å undersøke med programleder for MRR.

Møtet drøftet også om det bør komme inn i programmet et punkt der de nye interne og eksterne masterstudentene kan treffe hverandre. Torsdag 15. august er foreløpig fridag for masterstudentene.

Møtet trodde ikke det er spesielt realistisk å få til da de nye interne masterstudentene tidligst er tilbake til «Sveiseaften» lørdag 17. august.

NHHS sitt program for uke 33

NHHS har på plass omtrent alle fadderne, men det er fortsatt åpent for å melde seg på.

Flere av faddergruppene er alkoholfrie. Det legges opp til at folk kan veksle mellom faddergrupper med og uten alkohol.

Det vil være opplegg hver dag som er alkoholfrie.
NHHS vil også oppmuntre til at faddervorspielene begynner senere på dagen enn i tidligere fadderuker.

NHHS vurderer å endre tirsdagens opplegg «Bar til bar» til «Bar til by». Tanken er å dreie noe bort fra alkohol ved at man mellom hver pub viser deler av byen.

Utover dette tenkes kveldsarrangementene å være mye de samme som tidligere fadderuker:

- Mandag: Dåp og kjellerfest
- Onsdag: Show med høydepunkt fra forskjellige NHHS-revyer.
- Torsdag: Konsert
- Fredag: Pubquis
- Lørdag: Sveiseaften

NHHS jobber kontinuerlig med å bli flinkere til å integrere internasjonale studenter. Det arbeides med å få flere internasjonale studenter inn i ulike grupper i studentforeningen, og nesten all offentlig informasjon foregår nå på engelsk.

Vedtak

LMU tar presentasjonen av studiestart 2019 til orientering.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

18/19 Eventuelt LMU

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Læringsmiljøutvalget	22.05.2019	18/19

Møtebehandling

To eventuelt saker:

1. Møtedatoer LMU høst 2019:

Forelesningsplanen for høsten 2019 er per 22/5-19 ikke kommet. LMU ble derfor enige om å se på aktuelle uker for høstens møter slik at man per nå ikke låser seg fast til bestemte datoer og klokkeslett.

LMU sin årsmelding skal opp i styret 12. september.

Styret skal ha møtepapirene ca. to uker før slik at LMU må ha sitt første møte ca. tre uker før styremøtet.

Det ble foreslått at første LMU-møte legges til uke 35 (26.-30. august), andre møte til uke 40 (30. september-4. oktober) og tredje til uke 47 (18.-22. november).

Leder LMU og LMU-sekretær bes om å se på aktuelle tidspunkt og sende ut en doodle på dette.

2. Årsmelding fra studentombudet:

Studentombud Sigbjørn Råsberg meldte inn årsmelding fra studentombudet til LMU sitt neste møte.

Vedtak

1. Det legges opp til møter i LMU følgende uker høsten 2019:

- o uke 35 (26.-30. august)
- o uke 40 (30. september-4. oktober)
- o uke 47 (18.-22. november)

Leder LMU og LMU-sekretær fastsetter tidspunkt.

[Lagre] [Lagre endelig vedtak]

ORIENTERING OM ÅRSMELDING FRA STUDENTOMBUDET

Saksbehandler Brigte Vaage
Arkivreferanse 19/01517-1

Utvalg
Læringsmiljøutvalget

Møtedato
28.08.2019

Utvalgsnr

Forslag til vedtak:


LMU tar presentasjonen fra studentombudet til orientering

Bakgrunn:

Studentombudet på NHH Sigbjørn Råsberg er blitt bedt om å orientere om studentombudets sine erfaringer for skoleåret 2018/19 og å presentere årsmeldingen ombudet har levert til styret på NHH.

Årsrapport

STUDENTOMBODET VED NHH



NHH



2018



INNHALD

1. INNLEIING	1
2. OM STUDENTOMBODET	2
3. SAMARBEID	2
4. SAKER	3
5. OPPFØLGINGSPUNKT FRÅ 2017	5
6. INNSPEL TIL NHH	7

1. INNLEIING

2018 har vore eit år prega av mange saker. I 2018 hadde studentombudet totalt 58 saker fordelt på 63 studentar, noko som gjer 2018 til det året med flest saker og studentar sidan oppstarten i 2016.

I løpet av 2018 har det vore mykje merksemd rundt seksuell trakassering både i samfunnet generelt og universitets- og høgskulesektoren spesielt. Det er likevel ikkje samsvar mellom auka i talet saker som har koma inn til studentombudet i same periode og den generelle merksemda rundt #Metoo.

Som studentombod får ein saker som ikkje nødvendigvis speglar institusjonen fullt ut. Studentane som tek kontakt har ofte saker som ikkje er A4 eller har opplevd institusjonen på ein måte som ikkje nødvendigvis er representativ for korleis fleirtalet vert møtt. Dette gjer at innhaldet i denne rapporten ikkje utan vidare kan takast til inntekt for at alle studentane ved NHH opplever det på same måte.

Studiebarometeret viser at NHH jamt over scorar høg innan kategorien «Organisering»,¹ som omfattar mage av dei sakskategoriene som kjem inn til studentombudet. Dette tilseier at dei fleste studentane jamt over er godt nøgde med NHH.

I denne rapporten ynskjer eg å gjera greie for nokon av saksområda studentombudet har jobba med i 2018 og gje nokre tilrådingar om kva som bør vurderast gjort annleis basert på erfaringane med desse sakene.

Bergen, 21. mai 2019

Sigbjørn Råsberg
Studentombod

¹ Omfattar mellom anna informasjon om studieprogam, administrativ tilrettelegging etc.

2. OM STUDENTOMBODET

Noregs Handelshøgskole (NHH) har hatt studentombod sidan 1. januar 2016. Ordninga vert etter alle solemerke lovpålagd² ila. 2019, men så langt er det studentombod ved totalt 13 institusjonar.

Sidan oppstarten er det Sigbjørn Råsberg som har vore studentombod ved NHH. NHH er den minste av institusjonane i Noreg med studentombod. Som ein følge av at NHH er ein relativt liten institusjon inngår rolla som studentombod som éi av fleire oppgåver i stillinga til den som ikler rolla. Oppgåvene er estimert til inntil 30 % av stillinga. Av omsyn til uavhengigheit er det eit klart skilje mellom rolla som studentombod og dei andre oppgåvene som vert gjort av Råsberg som ein del av staben på NHH. Dei resterande 70 prosentane av stillinga knytter seg til anna juridisk arbeid enn studentsaker, då hovudsakleg knytt til anskaffingar, kontraktar og juridiske vurderingar.

Studentombodet er jurist og yter uavhengig juridisk rådgjeving til studentar i studentsaker. Verksemda er regulert i eit mandat gitt av styret ved NHH. Der vert det mellom anna slege fast at studentombodet er uavhengig og ikkje kan instruerast. Vidare er det presisert at studentombodet skal sjå til at sakene får ei forsvarleg og korrekt handsaming, og at studentane sine rettar vert tekne vare på og løysast på lågast mogleg nivå. Tenestene studentombodet yter er eit supplement, og ikkje eit alternativ, til rådgjevingstenestene, studieadministrasjonen si rettleiingsplikt etc.

I uavhengigheita ligg det at studentombodet har teieplikt etter forvaltningslova (fvl.) § 13 overfor andre, inkludert fagstab, administrasjon, leiing, studentar etc. Vidare skal studentombodet sjå på kva som er rett, ikkje isolert kva studenten ynskjer å oppnå. Studentombodet si rolle vil naturleg vera meir sentral i saker der studenten ikkje har krav på eller er representert med advokat, enn i saker der studenten har slik juridisk hjelp. Det er likevel grunn til å understreka at det ikkje ligg til studentombodet si uavhengige rolle å fungera som studenten sin advokat. I dette ligg det òg ei plikt til å realitetsorientera studentar som ikkje har ei sak. Studentombodet skal vera ein nøytral støttespelar som hjelper studenten til å fremja saka si på ein best mogleg måte og gjera prosessen studenten står i meir føreseieleg og oversiktleg. Med dette kjem det òg indirekte ei kvalitetssikring av vedtak og prosessar gjort av NHH.

Studentombodet er vidare observatør i læringsmiljøutvalet (LMU) ved NHH.

3. SAMARBEID

Samarbeid med andre er problematisk når studentombodet samstundes skal vera uavhengig og oppretthalda teieplikta. I ein del tilfelle vil det likevel vera tenleg å samarbeida med andre

² Hausten 2018 vart det gjennomført høyring om endringar i uhl. som mellom anna gjekk ut på å lovfesta studentanes rett til tilgang på studentombod.

for å nå eit best mogleg resultat. I saker der kontakt med studenten er oppretta vil dette kunne løysast med å innhenta eit samtykkje frå vedkommande.

Tilsvarande er det nyttig at dei som kjem i kontakt med studentar i fyrsteline gjev informasjon om studentombodsordninga og vidareformidlar kontaktinformasjon. Det at Studieadministrativ avdeling informerer aktuelle studentar om at dei kan søkja råd og hjelp hjå studentombudet bidreg til at studentane vert merksame på ordninga. Studieadministrasjonen er slik ein verdifull kanal for å marknadsføre studentombudet. Det er eit godt samarbeid mellom aktørane og studentombudet har inntrykk av at begge partar ser nytten av dialog med kvarandre.

Døme på slikt samarbeid er mellom anna at studentombudet har blitt invitert til informera nye kull med utanlandske studentar om studentombodsordninga. I utvalde saker har òg studentombudet vore i dialog med studieadministrasjonen om korleis saker kan og bør handsamast for å sikra ei best mogleg handtering i framtida. Ein føresetnad for slikt samarbeid er likevel at det let seg gjera utan å koma i direkte interessekonflikt.

Studentombudet har vidare halde kontakt med NHHS og nytta deira kanalar for å nå ut til studentar. Kontakten med NHHS har òg blitt nytta for å fanga opp eventuelle vibrasjonar, trendar etc., noko som er nyttig med tanke på korleis arbeidet skal innrettast. NHHS er til liks med studieadministrativ avdeling ein viktig kanal for å nå studentar som kan trengja bistand. NHHS har ila. perioden vorte tilbydd moglegheit for kurs og innleiingar, men har ikkje ytra ynskje om dette.

Det mest omfattande samarbeidet i 2018 har vore med andre studentombod, og då særskild det norske nettverket. Dei norske studentomboda held kontakt digitalt og har eit mål om å møtast to gonger årleg til nasjonale nettverkssamlingar der aktuelle problemstillingar vert tekne opp saman med kompetanseheving, kunnskapsoverføring etc. I 2018 har det vore to samlingar – éi i Tromsø og éi i Bergen. Samlinga i Bergen vart halden i tilknytning til det skandinaviske nettverksmøtet som vart arrangert av studentomboda ved NHH, UiB og HVL.


Vidare har studentombudet ved NHH delteke på den europeisk nettverkssamling i Edinburgh i regi av European Network of Ombuds in Higher Education (ENOHE). Tema for samlingane har mellom anna vore trakassering, handheving av uavhengigheit, varsling, tilrettelegging og etikk.

4. SAKER

Det vert ført statistikk over saker som kjem inn til studentombudet som krev meir sakshandsaming enn berre ei rask avklaring eller som kan visast vidare til annan og rett instans. Sakene vert òg arkiverte i NHH sitt arkivsystem med eiga skjerming slik at det berre er studentombudet og arkivsjef som har tilgang til sakene. Namn og anna som er eigna til å identifisera studenten vert i tillegg til sjølve innhaldet skjerma og kjem slik ikkje på postjournalen.

Studentombudet hjalp i 2018 totalt 63 studentar fordelt på 58 saker. Dette er ein auke samanlikna med 2017 då tala var 50 studentar fordelt over 39 saker. Då studentombudet ikkje har tilgang til dei einskilde vedtaka som vert gjort av NHH sin administrasjon eller klagenemnda er det ikkje mogleg å seia noko om i kva omfang studentane får medhald etter å ha vore i kontakt med studentombudet. I mange tilfelle veit heller ikkje studentombudet om studenten går vidare med saka, då det er opp til den einskilde studenten om han eller ho informerer om dette.

I kva grad studentane går vidare med ei sak, og eventuelt får omgjort eit vedtak, seier likevel i seg sjølv lite om kvaliteten i tenestene studentombudet yter til studentane som søker hjelp. Dette må sjåast i samanheng med at det ligg i rolla som uavhengig tredjepart å òg realitetsorientera studentar i tillegg til at det er på å det reine at å styrka eller opplysa studenten si sak ikkje nødvendigvis vil vera tilstrekkeleg til å få medhald i ei klage.



Figur 1: Oversikt over talet saker pr. sakstype

Figuren over viser seks kategoriar der fire inneheld fleire sakstypar. Kategorien «eksamen» inkluderer saker knytt til tilrettelegging, eksamensforsøk og formell feil på eksamen, medan kategorien «opptak» inkluderer saker knytt til mellom anna overgang mellom bachelor og master, opptak til utanlandsopphald og innpassing av kurs. Saker under «studierelatert» knyter seg til sakshandsamingsfeil, studierett og permisjon. Under sekkeposten «anna» finn ein saker knytt til studiesituasjonen som får uheldige konsekvensar for studentane, men som ikkje naturleg fell inn under ein av dei andre kategoriane.

Det er per i dag ikkje nokon standard for korleis studentomboda i Noreg fører statistikk over saker. På bakgrunn av dette er det ikkje mogleg å gjera konkrete samanlikningar opp mot andre institusjonar når det kjem til sakstypar, tilfang etc. Ulikskapen mellom institusjonane gjer det òg vanskeleg, då det er visse sakstypar som er meir aktuelle andre stader. Eit døme

på dette er høgskular og universitet med helse- og undervisningsretta utdanningar med praksis der det vert gjort skikkavurderingar, noko som ikkje er aktuelt på NHH. Tilsvarande er det heller ikkje krav til vandel på NHH, slik det er i ein del studium på andre institusjonar. Ei direkte samanlikning opp mot andre institusjonar er slik ikkje tenleg.

Basert på statistikk frå årsrapportane til andre studentombod er det likevel ikkje noko som tilseier at tilfanget av saker skil seg nemneverdig på NHH samanlikna med andre institusjonar, justert for talet på studentar. Tvert om ser det ut til å vera færre studentar pr. sak på NHH enn elles i sektoren.

Under punkt 6 «Innspel til NHH» vil det bli gått nærare inn på konkrete område NHH vert tilrådd å sjå nærare på for å vurdere om det bør gjerast endringar.

5. OPPFØLGINGSPUNKT FRÅ 2017

Forskrift

I årsrapporten for 2017 vart det særskild trekt fram at 2017 hadde vore prega av utdaterte forskrifter som ikkje var i samsvar med gjeldande praksis og organisering av studia ved NHH. Vidare vart det peika på at NHH ikkje var ajour med å publisera gjeldande forskrifter i Norsk Lovtidend slik kravet etter fvl. § 38 er.

Før sommaren 2018 vedtok styret ved NHH ny studieforskrift, noko som har vore veldig positivt mtp. å avhjelpa problema som kom av den gamle.

Tilgang til advokat

Studentombudet kom i førre årsrapport med ei klar tilråding om å gjera endringar slik at studentane sin rett etter uhl. § 4-8 femte ledd til advokat betalt av NHH kjem til rett tid. Bakgrunnen for dette var saker med studentar som oppfyller kravet til fri rettshjelp, men som ikkje fekk det før NHH var ferdig å førebu saka for klagenemnda.

Studentombudet erfarer frå 2018 at retten til advokat framleis vert utløyst for seint,³ noko som gjer at bidraget advokaten kan koma med vert mindre enn kva som ville vore tilfelle elles.

Studentombudet vart i juni 2018 kontakta av prorektor for utdanning med spørsmål om å delta i ei gruppe som skulle sjå på dette og andre spørsmål knytt til gangen i saker som skal, eller kan enda opp hjå, klagenemnda. Denne gruppa hadde sitt fyrste møte i mars 2019 og har i ila. våren 2019 sett på korleis prosessen for saker som skal opp for klagenemnda kan utbetrast for å sikra både studentane og NHH sine behov for mellom anna kontradiksjon og grundigheit. I mai vart forslag til nye føringar som handsaming av denne typen saker lagt fram og godkjend av prorektor for utdanning.

³ Sjå vurderinga frå Årsrapport 2017 knytt til kva tid retten slår inn.

Tidsfristar

Førre årsrapport trakk særskild fram problem knytt til brot på fvl. § 11 a sitt krav om at NHH skal «forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold». Brota som vart trekt fram knytte seg både til tradisjonelle forvaltningsvedtak og karaktervedtak i samband med sensur.

Studentombudet har ikkje i same grad som i 2017 motteke klager på lang sakshandsamingstid og brot på eigne fristar, men har sett døme på det same òg i 2018. Det kan særskild nemnast ei sak der det tok om lag eit år frå klage på avslag vart sendt til ho vart handsama.

Grunngjeving av vedtak

Forvaltningslova § 24 er klar på at «[e]nkeltvedtak skal grunngis». Dette må sjåast saman med eit ulovfesta forholdsmessigprinsipp som tilseier at dess meir inngripande vedtaket er, dess meir grundig må grunngjevinga òg vera.

Studentombudet trakk i 2017 fram manglande grunngjeving i samband med både ordinære forvaltningsvedtak og karaktervedtak i samband med sensur.

Sjølv om studentombudet har sett ei tydeleg forbetring i korleis vedtaka på NHH blir gjort og grunngjevne, er det likevel i for stor grad slik at grunngjevinga ikkje i tilstrekkeleg grad set den det gjeld i stand til å setja seg inn i kva som er vektlagt i vedtaket. Som eit døme på dette kan det nemnast at ein student tok kontakt etter å ha fått følgjande grunngjeving frå sensor:

«Oppgave 1 ble vurdert til karakteren E på alle tre spørsmål. Oppgave 2 ble vurdert til karakteren E til D på begge spørsmål. Totalt E.»

Sensoren har her ikkje gått inn på styrker og svakheiter med innleveringa, og det er då ikkje mogleg for studenten å vurdere om det er lagt vekt på utanforliggjande omsyn eller om sensuren har vore forsvarleg.

Studentombudet vil difor understreka viktigheita av at dei som gjer vedtak er kjende med si plikt til å grunngje vedtaka på ein tilstrekkeleg god måte. Dette må inngå som ein del av opplæringa av vitskapleg og administrativt nyttilsette, sensorar og kompetansehevinga for personar som allereie jobbar på NHH.

Rehabilitering

Studentombudet peika i førre årsrapport på at den som ikler stillinga er føreslege flytta frå cellekontor til ei aktivitetsbasert sone, og peika i den samanheng på at ein vanskeleg kan sjå korleis det skal vera mogleg å oppretthalda den strenge og lovpålagde teieplikta (intern og ekstern) som ligg til stillinga når ein er organisert slik. Det vart understreka at slik studentombudet ser det vil det ikkje vera mogleg å sikra at informasjonen blir halden konfidensiell i eit landskap med 12-14 andre, noko som i praksis vil innebera eit brot på teieplikta etter forvaltningslova § 13.

I mai 2019 vart det klart at studentombudet skal plasserast i Forskingsadministrativ avdeling frå sommaren 2019, noko som gjer at denne problematikken løyser seg.

6. INNSPEL TIL NHH

Som det er gjort greie for over har studentombudet gjennom 2018 handsama eit breitt spekter av saker. Studentane som kjem til studentombudet har i nokre tilfelle saker som klar ikkje kan føra fram, medan det i andre tilfelle er gjort materielle eller prosessuelle feil som er i direkte strid med gjeldande regelverk. Ein tredje kategori saker er dei der det ikkje i seg sjølv er gjort noko som er i strid med lov eller forskrift, men likevel er problematiske sidan utfallet får uheldige og vilkårlige konsekvensar for studentane.

I kva grad ein student vel å gå vidare med ei sak etter å ha vore i kontakt med studentombudet varierer. Nokre saker stoppar etter at studenten har vore i kontakt med studentombudet, andre vert oppklara, medan andre igjen går vidare til klagenemnda.

Under vert det trekt fram nokre døme på forhold som studentombudet har sett på som problematiske i 2018. Nokre av desse forholda har studieadministrativ avdeling sjølv sett på som problematiske og det har blitt sett i verk tiltak for å avhjelpa problemet, anten på eige initiativ eller etter innspel frå studentombudet direkte eller via ein student.

Tilrettelegging

Universitets- og høgskulelova § 4-3 femte ledd slår fast at:

«Institusjonen skal, så langt det er mulig og rimelig, legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov. Tilretteleggingen må ikke føre til en reduksjon av de faglige krav som stilles ved det enkelte studium»

Lowverket stiller slik strenge krav til individuell tilrettelegging for studentars fysiske og psykiske sjukdom. Vilråa for å nekta tilrettelegging er kort oppsummert at det ikkje let seg gjera anten praktisk eller på ein fagleg forsvarleg måte, eller at det fører til ein uhøveleg stor byrde økonomisk.

Føresegna i universitets- og høgskulelova (uhl.) uhl. § 4-3 femte ledd må sjåast i samanheng med likestillings- og diskrimineringslova § 21 fryste ledd som slår fast at hovudregelen er at:

«Elever og studenter med funksjonsnedsettelse ved skole- og utdanningsinstitusjoner har rett til egnet individuell tilrettelegging av lærested, undervisning, læremidler og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmuligheter».

Med ein så klar hovudregel vert det stilt strenge krav til grunngjeving av eventuelle unntak.⁴ Slik studentombudet ser det må det mellom anna leggjast fram konkrete utrekningar på kva

⁴ Sjå mellom anna prinsippa om proporsjonalitet i Høgsteretts dom Rt. 1981 s.745.

kostnaden vert for at ein skal kunne seia at det vert for dyrt og det må gjerast ei konkret vurdering for å visa konsekvensane av ynskja tilrettelegging viss ein meiner det ikkje er fagleg forsvarleg. Vurderinga skal gjerast individuelt og konkret.

Studentombudet kjenner til saker der studentar melder at dei har blitt rådd frå å melda seg opp til eit kurs, av omsyn til at tilrettelegging er vanskeleg. Her har det ikkje blitt gjort eit vedtak om tilrettelegging, men ein har teke snarvegen gjennom å tilrå studenten å ikkje ta det konkrete kurset. Dette er truleg gjort i beste mening, men er slik studentombudet ser det i strid med god forvaltningsskikk og eit brot på plikta til å leggja til rette for studentar med særskilde behov. Mange studentar vil oppleva dette som eit vedtak eller at det ikkje er mogleg, og får slik ikkje moglegheita til å få ei reell prøving og eventuell klagemoglegheit.

Digital levering av eksamen

I løpet av 2018 har det vore ei rekkje saker som gjeld problemstillingar knytt til levering av digital eksamen. Dette er ein naturleg følgje av at NHH har ein såpass stor del av sine eksamenar digitalt. Sakene gjeld i all hovudsak studentar som har freista å levera oppgåva si, men som blir nekta som følgje av at eksamenstida er ute.

